

Fra: Ketil Tjore
Sendt: tirsdag 12. september 2023 16:24
Til: Ann Kristin Leirvåg; Anny Helene Bertelsen (annber49@yahoo.no); Elsa Skare - e.skare@online.no; Gro Johannessen; Haldis Lillian Dyrnes; Hege Ramsland; Helge Dyrkolbotn; Ivar Bergsvik; Ketil Tjore (ketil.tjore@austrheim.kommune.no); Mette Ekornrød (me.eko@hotmail.com); Odd Sigvald Øksnes (odd-oeks@online.no); Idar Johan Hopland (idar.hopland@gmail.com); magnus.kvingedal@gmail.com; oksnessigfrid@gmail.com; Olaug Marie Sætre (mo.sætre@gmail.com); Reidar Øksnes (56roek@gmail.com); Solveig Hopen
Kopi: Kristin Nesbø
Emne: Avlysing av september-møtet, heimelekse til oktober-møtet

Heisan!

Etter å ha sjekka med leiarane i dei to råda, og med lite og ingenting av saker, sender eg e-post om at september-møta for dei to råda er avlyste.

Dei siste møta i denne perioden vert dermed:

Tysdag 3. oktober:

Oppsummering og evaluering av perioden.

Svar gjerne på Microsoft forms-skjemaet (på denne lenka: <https://forms.office.com/e/cu3nQQFc9a>), eller gjer deg nokre tankar kring stikkorda møtefrekvens, saker, innkalling, sakshandsaming, orienteringar, budsjett, opplevd gjennomslag, referat, rutinar elles, med meir. Svarfrist for skjema er onsdag 20. september.

- Evt. andre saker som er klare, til dømes frå kommunalsjef helse og omsorg.

Tysdag 14. november:

- Fellesmøte først, med presentasjon av budsjett og deretter innspel til budsjett for 2024 og økonomiplanen for den kommande fireårsperioden.
 - Budsjettet vert elles lagt ut på høyring av formannskapet i møtet deira torsdag 2. november.
 - Dei som ønskjer ein grundig gjennomgang av tala er sjølvstilt velkomne til å vera med i kafeen på samfunnshuset denne dagen (møtet er ope), eller det kan følgjast via Kommune-TV ([Austrheim \(kommunetv.no\)](http://austrheim.kommunetv.no)).
 - Høyringsfristen for budsjett og økonomiplan er fredag 24. november.
 - Budsjettet skal til vedtak i formannskapet torsdag 30. november, og i kommunestyret torsdag 14. desember.
- Evt. andre saker som er klare, til dømes frå kommunalsjef helse og omsorg.

I desember er det ikkje sett opp møte, men kanskje råda vil ha ein middag i Kilstraumen som avslutning av perioden? Det er vel budsjett til det.

Med utsett helsing

Ketil Tjore

Servicekontoret

Tlf.: 56 16 20 00 / 92 20 99 16

www.austrheim.kommune.no



Austrheim

OPNE LANDSKAP
OPE SINN

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*